



Det var 19 frammøtte til gymstick-trimmen denne torsdagskvelden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vi er inne i eit nytt trimår og i Uskedalen tyder alt på at det får sin bokstaveleg tala sprekk start. Seks trimparti er så langt i gang og. turngruppeleiar Hega Lekva er svært godt fornøgd med frammøtet så langt, seier ho til uskedalen.no

Ikkje minst trimmen med gymstick er framleis populær og her har det vore tett innpå 20 i aksjon dei to første timane i 2008.

Også areobic fekk ein god start på onsdagskvelden med 18 trimmarar og det var god oppslutnad også om barnepartiet (3-6 år) og idrettsskulen (1.-4. klasse) denne dagen.

Aerobic for yngre (3.-7. klasse) startar først på onsdag i neste veke.

Step-partiet var i gang måndag i denne veka (med 10 deltakarar) og seniorane starta også onsdag.

Av Ola Matti Mathisen



Gymstick er eit framifrå trimapparat, er konklusjonen til trimmarane. (Foto: Ola Matti Mathisen)